



Arkivnr: 2015/7-14

Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		13.03.2019
Fylkesutvalet		28.03.2019

Søknad om økonomisk tilskot til prosjektet Stad skipstunnel**Samandrag**

Styringsgruppen for Stad skipstunnel har i brev av 7. februar 2019 søkt om økonomisk stønad på kr 150.000 fra Hordaland fylkeskommune til drift av styringsgruppa i 2019. Det er søkt om tilsvarende sum fra Sogn og Fjordane fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune, samt fra Vannlyven Utvikling, Måløy hamn og Bremanger hamn med kr 50.000 på kvar. Samla budsjett er på kr 600.000.

Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt for trygg og effektiv sjøtransport langs norskekysten. Styringsgruppen Stad skipstunnel driv påverknadsarbeid for å realisera skipstunnelen. 2019 er eit viktig år for prosjektet, då ein legg til grunn at alle rapportar/dokumentasjon som regjeringa har etterspurt vil liggja føre, og regjeringa har då eit grunnlag for å leggja inn ei startløyving i statsbudsjettet for 2020. Hordaland fylkeskommuen har vore pådrivar for prosjektet i mange år, og har eit ynskje om at det vert realisert. Fylkesrådmannen rår difor til at fylkeskommunen løyver kr 150.000 i 2019. Løyvinga vert dekka innafor samferdselsbudsjettet.

Økonomi: Ingen verknad utover løyvinga**Klima:** Ingen verknad**Folkehelse:** Dersom prosjektet vert realisert kan det ha ein folkehelse effekt ved auka tryggleik på sjøen i det aktuelle området.**Regional planstrategi:** Mål om samarbeid i ein sterk Vestlandsregion**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet løyver kr 150.000 til Styringsgruppen for Stad skipstunnel som tilskot til drifta i 2019. Løyvinga vert dekka innafor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2019.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Søknad Hordaland fylkeskommune
- 2 Prosjektplan Stad skipstunnel

Fylkesrådmannen, 19.02.2019

Innleiing

Styringsgruppen for Stad skipstunnel har i brev av 7. februar 2019 søkt Hordaland fylkeskommune om kr 150.000 som tilskot til drifta i 2019. Tilsvarande søknad har gått til Sogn og Fjordane fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er søkt om kr 50.000 fra Vannlyven Utvikling, Måløy hamn og Bremanger hamn.

Om søknaden

I søknaden heiter det at 2019 vert eit avgjerande år for Stad skipstunnel prosjektet. Styringsgruppa vonar at det i løpet av 2019 skal liggja føre eit revidert prosjekt som er nok utgreidd til at regjeringa vil finna midlar til byggjestart i neste års statsbudsjett, og koma i gong med byggjinga i 2022. For å koma i gong med byggjinga i 2022 krevst det ei samla løyving på 65 mill kr i 2020/2021 til prosjektering, grunnerverv m.m. Styringsgruppa vil i 2019 arbeida aktivt for å halda trykket oppe på saka for å sikra turvande framdrift. Dette inneber jamnlege møte med Kystverket og sentrale beslutningstakarar.

Stad skipstunnel var fullfinansiert i NTP 2018-2029 med 2,7 mrd kr, og det var lagt til grunn byggjestart i stortingsperioden 2017-2021. Den eksterne kvalitetssikringa KS2 kom fram til ein byggjekostnad på omlag 1 mrd kr over det som låg inne i NTP, og på det grunnlag vart Kystverket bedt om å ta ein ny gjennomgang av prosjektet, med føremål å få kostnadane ned på det nivået som er sett av i NTP, prisjustert til 2019 kr. Kystverket skal levera rapport den 15. juni 2019. Det er ut frå dette at det er viktig med høgt aktivitetsnivå i styringsgruppa i 2019.

Tidlegare løyvingar til prosjektet

Fylkesutvalet har løyvt kr 100.00 til prosjektgruppa for åra 2013, 205 og 2016. I 2017 vart det løyvt kr 150.000. I fylkesutvalet sitt vedtak i møte 23.05.2017 heiter det:

Fylkesutvalet går inn for at Prosjektgruppa for Stad skipstunnel får midlar frå Hordaland også i 2017, men deretter bør prosjektgruppa, om den skal videreførast, finna andre finansieringskjelder. Fylkesutvalet gjev tilskott til Prosjektgruppa for Stad skipstunnel på kr. 150 000,- i 2017. Løyvinga vert dekka innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2017.

I 2018 vart det løyvt kr 300.000 til utgreiing av snøggbåtsamband Bergen-Ålesund. Denne utgreiinga har Sogn og Fjordane fylkeskommune tinga på oppdrag av Vestlandsrådet, og rapporten skal etter planen leverat den 25. februar 2019. Rapporten vert lagt fram for utvala når den ligg føre.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt å få realisert. Den vil vera viktig for tryggleiken til sjøs og den legg til rette for båtsamband langs heile vestlandskysten. Den kan og stimulera næringslivet i regionen. Hordaland fylkeskommune har løyvt midlar til prosjektet i fleire år. Det kan no sjå ut til at ein står ved ein skiljeveg, det det vert avgjort om tunnelen vert bygt eller ikkje. Når Kystverket sin rapport ligg føre i juni, vil regjeringa vonleg ha eit godt nok grunnlag til å ta ei avgjerd på om ein skal gå vidare med prosjektet i form av ei oppstartsløying i 2020. Etter fylkesrådmannen si vurdering er det viktig å driva aktiv påverknad i denne fasen av prosjektet. Dette vil ha sin kostnad, og fylkesrådmannen vil rá til at ein løyver midlar også for 2019. Dersom prosjektet vert skuva ytterlegare ut i tid med nye rundar med utgreiingar, så må ein vurdera vår vidare medverknad i lys av den nye Vestland fylkeskommune. Fylkesrådmannen rår til at løyvinga vert dekka over samferdselsavdelinga sitt budsjett.